



**Notat**

Dato: 31.07.2017  
Arkivsak: 2017/1145-3  
Saksbehandlar: stahaug

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Svar om spørsmålsregister i Hordaland fylkeskommune

Til møtet i fylkesutvalet 26.01.2017 tok Silje Hjeddal (Frp) opp om Hordaland fylkeskommune kan oppretta eit register med oversikt over spørsmål politikarane tek opp i fylkesutvalet og svara på desse. Ho viste til at Bergen kommune har eit slikt system.

Svar frå fylkesrådmannen vart lagt fram i fylkesutvalet sitt møte 30.03.2017. I svaret heiter det m.a.:

«Fylkesrådmannen har undersøkt korleis Bergen kommune har lagt til rette for spørsmålsregister. Etter det vi har forstått, støttar den tekniske løysinga på sak-arkiv-systemet i Bergen kommune eit spørsmålsregister og ein søkjefunksjon for spørsmål.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere brukarvenleg og leggje til rette for gode løysingar for publikum og folkevalde. Fylkesrådmannen ønskjer difor å gjere ei vurdering av funksjonaliteten i fylkeskommunen sitt saksbehandlarsystem.

Ei arbeidsgruppe i administrasjonen vil få opplæring og teste systemet fram mot sommaren, med siktemål å få på plass eit spørsmålsregister frå hausten. Ein føresetnad er at systemet er brukarvenleg og ikkje har kritiske svakheiter.

Dersom dagens tekniske løysing viser seg å ikkje vere tilstrekkeleg, vil fylkesrådmannen kome tilbake til saka.»

Etter testar vi har gjort av sak-arkiv-systemet, og avklaring med leverandøren, er det klårt at saksbehandlarsystemet vårt ikkje har den nødvendige funksjonen installert.

Ei manuell løysing på hordaland.no som byggjer vidare på «Status for spørsmål og oversendingsforslag» vert ikkje tilrådd, mellom anna fordi det ikkje er mogleg å få kopla spørsmål og svar. Dokumentet vil ikkje ha integrasjon mellom hordaland.no og saksbehandlarsystemet i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen vurderer det ikkje som tenleg å vidareutvikla denne funksjonaliteten i dagens løysing. Vi vurderer no om dagens saksbehandlarsystem (Ephorte) i løpet av 2018 skal byggjast vidare ut med Ephorte Elements. Dersom vi tek i bruk Elements, vil vi få funksjonalitet til å oppretta eit spørsmålsregister.

I løpet av 2018 reknar fylkesrådmannen også med at vi må ta stilling til kva felles saksbehandlarsystem den nye regionen av Hordaland og Sogn og Fjordane skal ha. Eit spørsmålsregister vil då verta teke med som ein ønskt funksjonalitet i sakshandsamarsystemet som skal nyttast.